

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.10.2024

Vår ref.: 201100526-35 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Herresbekken kraftverk i Åseral kommune

NVE har fått ein søknad frå Cadre Elvekraft AS (opphaveleg Bekk og Strøm AS) om løyve til å forlengje byggjefristen for Herresbekken kraftverk med fem år, til 18.10.2027. Herresbekken kraftverk fekk konsesjon til å byggje kraftverket den 18.10.2017.

Det følgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, elles fell konsesjonen bort. NVE kan forlengje byggjefristen éin gong med inntil fem nye år.

Søknaden om forlengd byggjefrist har tidlegare vore på høyring 02.06.2023- 30.06.2023 utan at det vart fatta noko vedtak. Etter høyringa bad NVE om oppdatert kartlegging av naturmangfald i influensområdet til kraftverket, fordi me meinte at kartleggingane ikkje var tilstrekkelege til å kunna fatta vedtak. Den opphavlege kartlegginga følgde ein metodikk frå før 2009, og sidan den gong har NVE revidert rettleiar for dokumentasjon av naturmangfald fleire gonger. NVE fekk ny rapport med konsekvensvurdering av naturmangfald for Herresbekken kraftverk 25.09.2024. Rapporten er vedlagd.

Her finn du søknaden

Søknaden om forlengd byggjefrist for Herresbekken kraftverk er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/6278/V.

Kva vi ynskjer fråsegn om

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om forlengd byggjefrist blir derfor berre sendt på avgrensa høyring til Åseral kommune, statsforvalteren i Agder og Agder fylkeskommune. NVE ynskjer tilbakemelding om det har oppstått nye forhold som kan ha noko å seie for konsesjonen sidan sist høyring, og ber no om kommentarar til den nye rapporten med konsekvensvurdering av naturmangfald. Vi ynskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli ramma av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg. Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldslova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn sendes på e-post til nve@nve.no. Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201100526 i emnefeltet.



Frist for å sende inn fråsegn er:

22.11.2024

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef

Malin Solheim Olsen
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

ÅSERAL KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I AGDER
AGDER FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

CADRE GROUP AS - Andreas Brunner
CADRE ELVEKRAFT AS